


NOREG SINE VERDSARVSTADER

- 1 Bryggen i Bergen (1979)
- 2 Urnes stavkyrkje (1979)
- 3 Røros bergstad (1980) og Circumferensen (2010)
- 4 Bergkunsten i Alta (1985)
- 5 Vegaøyan (2004)
- 6 Vestnorsk fjordlandskap (2005)
- 7 Struves meridianboge (2005)
- 8 Rjukan–Notodden industriarv (2015)



Dronningensgt. 13

Postboks 8196 Dep. 0034 Oslo
Tlf: 22 94 04 00 - Fax: 22 94 04 04
www.riksantikvaren.no

UNESCO: www.unesco.org

Design/layout: Grimshel, Grafiske, Lorenskog • Trykk: HBO As 06/18



Foto: Jiri Havran, Riksantikvaren

Noreg var ingen avkrok i mellomalderen der ein kopierte kunst- og stilretningar ein generasjon etter resten av Europa. Kunsthandverk viste at nordmennene var nesten samstundes med kunsthandverket i Europa. Urnes stavkyrkje er bygd i ein rein romansk stil med bogar på søyler og bygningsdekor utvikla i Europa tidleg på 1100-talet. I Urnes er stilen fullt utvikla, men tilpassa dei norske handverkstradisjonane. Opphavelg var det svalgang rundt heile kyrkja. Denne var i så dårleg stand at den vart riven på 1700-talet. Berre på vestsida, framfor inngangen, står den framleis.

Interiøret

Urnes stavkyrkje har vore og er framleis i bruk, og utstyret i kyrkja høyrer også med til historia. I sjølve kyrkja er det



Foto: Birger Lindstad, Riksantikvaren

bevart ein praktfullt dreia stol frå 1100-talet, truleg til bruk for biskopen når han kom på visitas. Over inngangen til koret, er krusifikset til Maria og apostelen Johannes plasserte på kvar si side av inngangen. Krusifikset er kanskje flytta hit frå ei anna kyrkje. To praktfulle lysestakar i emalje frå Limoges blir tekne fram ved spesielle høve. Etter reformasjonen vart det



Foto: Tore Holter, Riksantikvaren

satt opp kyrkjestolar for kyrkjelyden, ein preikestol i 1695 og ei ny altertavle i koret i 1699. Kortilbygget frå 1600-talet vart dekorert med rankedekor og ståande apostlar. Kvar apostel ber ei innskrift på latin, med setningar frå credo – trued-kjenninga – ein tradisjon frå mellomalderen.



Foto: Tore Holter, Riksantikvaren

STAVKYRKJENE

Stavkyrkjene er det viktigaste bidraget frå Noreg til verdsarkitekturen, og er dei eldste bevarte trebygningane i landet. Opphavelg var det rundt 1000 stavkyrkjer i landet. I dag er det berre 28 stavkyrker att. Dei fleste av desse finn vi i den indre delen av Austlandet og i Sogn. Stavkyrkjene er mellom dei ypperste byggverka som er skapt innanfor kulturområdet vårt.

Det er dei berande stavane i veggkonstruksjonen som har gitt stavkyrkjene namn. Stavane er plasserte i hjørna og ved andre viktige knutepunkt. I mellomalderen fanst det kyrkjebygg av stavverk og beslekt konstruksjonar over det meste av Nordvest-Europa. Men med unntak frå Hedared

kyrkje i Sverige, og Greensted kyrkje i England, er det berre i Noreg at denne typen kyrkjer frå mellomalderen er bevart.

EINESTÅANDE

Dei stavkyrkjene som framleis er bevarte er ikkje på nokon måte identiske. Dei tilhøyrer ulike typar. Det handlar om ulike tid, ulike handverksgrupper og ulikt ambisjonsnivå. Nokre kyrkjer har mange søyler i interiøret, andre langt færre. Nokre er svært enkle med berre eit rom, utan søyler. Nokre har vore rikt dekorerte, med utskårne portalar og søylepryd. Dei norske stavkyrkjene er eineståande i europeisk samanheng. Dei er eit av dei viktigaste norske bidraga til den internasjonale bygningshistoria. Difor er det svært viktig å verne dei for framtida.

I 2001 begynte Riksantikvaren eit systematisk arbeid med istandsetjing av alle stavkyrkjene. Dette arbeidet blir fullført i 2015.

Det er få kyrkjer av tre som er på UNESCO si verdsarvliste for kultur- og naturarv. Derimot er dei europeiske katedralane, dei latinamerikanske kolonikyrkjene og vakre klosteranlegg godt representerte.



Tegning/foto: Riksantikvaren

Det er Fortidemneforeningen som eig Urnes stavkyrkje.

URNES

stavkyrkje




Foto: Ane Kjerfheim, Riksantikvaren



Dei sameinte nasjonane sin organisasjon for utdanning, vitenskap og kultur

Verdsarv i Noreg
Urnes stavkyrkje

UNESCO

Unesco er FN sin organisasjon for utdanning, vitenskap, kultur og kommunikasjon. (United Nations Educational, Scientific and Cultural Organization). Unesco sitt mål er å bidra til fred og tryggleik ved internasjonalt samarbeid på desse områda. Organisasjonane vart oppretta i 1945, og Norge vart medlem i 1946.

❖ UNESCO sin konvensjon for vern av verda sin kultur- og naturarv

Konvensjonen for vern av verda sin kultur- og naturarv vart vedteken i 1972, etter at kulturminner og naturområder i større grad hadde blitt truga gjennom krig, naturkatastrofer, forureining, turisme eller forfall.

Konvensjonen oppfordrer alle land til å fremje vern av kultur- og naturarv som har lokal eller nasjonal verdi. Det fremste målet til konvensjonen er å identifisere kultur- og naturarv som har universell verdi. Behovet for eit felles løft, både menneskeleg og økonomisk vart synleg ved den internasjonale redningsaksjonen av kulturminner i Egypt og Nubia, då Aswan-dammen skulle byggjast tidleg på 1960-talet. Seksti land deltok, mellom dei Noreg.

Kultur- og naturarven kan omfatte monument, bygningar, enkeltvis eller samla i grupper, kulturlandskap eller naturområder. Den kan vere skapt av naturen, mennesket eller av begge. Den kan vere eit byggverk som representerer ei viktig historisk utvikling eller hending, eller eit naturfenomen av særleg estetisk eller vitenskapleg relevans.

Noreg ratifiserte konvensjonen 12.mai 1977, og har fått godkjent åtte stader på Verdsarvlista. Å bli nominert som verdsarv er inga form for nytt vern, men det gir ei ekstra anerkjening og status.

Noreg i Verdsarvkomiteen

Verdsarvkomiteen er til ei kvar tid samansett av 21 nasjonar. Hovedmandatet til komiteen er å implementere Verdsarvkonvensjonen.

Noreg har vore medlem av verdsarvkomiteen ved to tidlegare høve, frå 1983-1989 og 2003-2007. Noreg er no valgt inn i komiteen for perioda 2017-2021.

Som medlem i komiteen vil Noreg prioritere å styrke vernet av dei verdsarvområda som allereie fins, og samstundes bidra til ei meir representativ verdsarvliste. Etter meir enn 50 år har mellom anna utviklingslanda framleis for få stader på lista.

Det er også viktig å styrke kunnskap ved hjelp av involvering av lokalsamfunn og gjennom å fremje gode døme på forvaltning av stadane på lista ved hjelp av programmet World Heritage Leadership. Noreg vil dessutan legge vekt på at utvalet på lista blir gjort utifrå faglege vurderingar framfor politiske interesser. Ei meir heilskapeleg tilnærming og forvaltning av den globale natur- og kulturarven vil også vere eit mål.

Direktorata Riksantikvaren og Miljødirektoratet representerer Noreg i verdsarvkomiteen.



Bryggen i Bergen

Foto: Ane Kjørshelm, Riksantikvaren



Urnes stavkyrkje

Foto: Ane Kjørshelm, Riksantikvaren



Roros bergstad

Foto: Ager Spangne Brekke, Riksantikvaren




Bergkunsten i Alta

Foto: Eva Waldemhaug, Riksantikvaren



Vegaøyan

Foto: Cyril Ruoso



Vestnorsk fjordlandskap

Foto: Arne Aasheim



Struves meridianbøge

Foto: Bjørn Geir Harsson, Kartverket



Rjukan-Notodden industriarv

Foto: Trond Taugbol, Riksantikvaren

URNES STAVKYRKJE



Foto: Ane Kjørshelm, Riksantikvaren

Urnes stavkyrkje vart bygd i 1130-åra. Kyrkja er i ei særstilling når det gjeld arkitektur og stilhistorie som gjer den til eit sentralt verk i norsk kunst og historie. Ho er av dei eldste av dei stavkyrkjene som er bevart og eit eksempel på framifrå handverk og særdeles fin treskurd. Kyrkja er usedvanleg rikt utsmykka innvendig.

Urnes stavkyrkje ligg i Luster i Sogn i ein storslått vestlandsnatur – sjølje draumen om det naturromantiske, norske landskapet på 1800-talet. Ho vart truleg bygd som ei privat kyrkje for den rike og mektige Ornes-ætta som hadde ei viktig rolle på baglarane si side under borgerkrigane. Etter forsoninga med Håkon Håkonson i 1217 vart dei trufaste menn til kongen. Dei som bygde kyrkja, kjende til dei internasjonale trendane innanfor arkitekturen og overførte denne frå stein til tre. Den fantastiske kvaliteten og rikdommen i ernesdekoren viser til rike og mektige byggherrar.

SPOR ETTER TIDLEGARE KYRKJER

Ornamentikken på kyrkja er interressant, og kan tidfestast til 1050-1100. Dette tyder på at mykje kjem frå ei eldre kyrkje som vart riven rundt midten av 1100-talet og at materialer vert brukt på ny i den kyrkja som står i dag. Grunnen under kyrkja viser at det må ha stått eit bygg der tidlegare, som antakeleg vart reist på den tida kristendommen kom til Noreg.



Foto: Riksantikvaren

Tak og veggjar er dekkja med spon i ein praktfull brun fargetone. Heilt frå byrjinga og opp til vår tid har kyrkja vore innsett med tjære. Denne enkle dekninga har halde trevirket vedlike i meir enn 800 år. Dessutan er stolpane, i motsetnad til den kyrkja som sto på plassen tidlegare,

ikkje gravd ned i bakken, men står på ei ramme av sviller over eit lag med stein. Dette saman med godt vedlikehald har gjort at denne kyrkja fortsatt står.

URNESSTILEN

Den særmerkte ernesstilen har navnet sitt frå Urnes stavkyrkje. Den er kjenneteikna av flotte utskjeringar av svært høg kvalitet: stiliserte dyr i kamp med samanfiltra kroppar. Typisk for ernesstilen er bruken av lykkjer i komposisjonane, kontrasten mellom breie og smale linjer og dei flytande omrissa i motiva. Dette er ein utløpar frå stilartane i vikingtida slik vi også kjenner dei frå runesteinar i Sverige og på dei britiske øyane.



Foto: Ane Kjørshelm, Riksantikvaren

Ein framifrå kunstnar dekorerte den kyrkja som vart bygd på midten av 1000-talet, og mykje av denne treskurden er brukt om att i den kyrkja som står i dag. På nordveggen til kyrkja finn ein to gjenbrukte, praktfullt dekorerte veggplankar og ein rikt utskåren portal.

Portalen er den mest framstående delen av 1000-talet sin dekor i Urnes. Nederst på venstre vange kan ein sjå eit stort dyr med ein karakteristisk manke – ei løve. Over og omkring løva er det eit nettverk av ormar og bandforma dyr som til dels angrip løva, dels kvarandre.